



SANDE KOMMUNE  
6084 Larsnes  
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01  
sande.kommune@sande-mr.kommune.no  
www.sande-mr.kommune.no

## MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet  
Møtestad: Formannskapssalen, Sande Rådhus, Larsnes  
Dato: 04.04.2017  
Tid: 13:45 – 15:20

### Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Ordfører	H
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Anne-Marte S. Beitveit	Medlem	TVP
Arnljot Muren	Medlem	A
Jon Garen	Medlem	A
Kari Grønnevik	Medlem	SP

### Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Helge Støylen	Varaordfører	TVP

### Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Sæther Myskja	Helge Støylen	TVP

### Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Indregård	Fungerande rådmann
Tove Cathrine Kvamme	konsulent

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

**Røysteføre: 7**

## SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 27/17	Skriv og meldingar	
PS 28/17	Delegerte saker	
PS 29/17	Kulturminneplan for Sande 2017	2015/1090
PS 30/17	Oppgradering av Gjerdsvika VBA	2017/296
PS 31/17	Høyring om lokal forskrift om rett til sjukeheimsplass eller tilsvarande bustad med heildøgntenester	2016/746
PS 32/17	Sande kommune - kommunereform, kommunalt vedtak etter folkerøysting om intensjonsavtale mellom Herøy og Sande	2016/1331
	Eventuelt	

**PS 27/17**  
**SKRIV OG MELDINGAR**

**Handsaming i Formannskapet :**

Ordføreren orienterte om rådmannen sitt sjukefråvær, og at Oddbjørn Indregård er fungerande rådmann inntil vidare.

Spørsmål frå Jon Garen vedr. base for psykiatri/ambulant team på Larsnes.  
Ordføreren orienterte.

RS 7/17 Arbeidsmiljøutvalet - Val av leiar og nestleiar 2017

RS 8/17 Særutskrift AMU-3/17 Sjukefråvær 4. kvartal 2016

RS 9/17 Fylkesmannen: Tilsyn med kommunal beredskapsplikt - oversending av tilsynsrapport

**VEDTAK:**

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til vitande.

**PS 28/17**  
**DELEGERTE SAKER**

**Handsaming i Formannskapet :**

DS 2/17 Reaksjon på brot på tildelt skjenkeløyve for Rosenlund Marina AS

DS 3/17 Gateadressering i Sande kommune.

**VEDTAK:**

Delegerte saker vart samrøystes teke til vitande.

**PS 29/17**  
**KULTURMINNEPLAN FOR SANDE 2017**

**Handsaming i Formannskapet :**

**Saka var trekt.**

**PS 30/17**

**OPPGRADERING AV GJERDSVIKA VBA**

**Handsaming i Formannskapet :**

**Samr. som tilrådinga.**

**TILRÅDING:**

Sande kommunestyre vedtek å gjennomføre ei oppgradering av Gjerdsvika VBA slik det går fram av saksutgreiinga og vedlagt dokumentasjon.

Oppgraderinga skal gjennomførast innanfor ei kostnadsramme på ca kr 1.100 000,- eks mva og vert å finansiere slik det går fram av saksutgreiinga.

**PS 31/17**

**HØYRING OM LOKAL FORSKRIFT OM RETT TIL SJUKEHEIMSPASS ELLER TILSVARANDE BUSTAD MED HEILDØGNSTENESTER**

**Handsaming i Formannskapet :**

**Samr. som tilrådinga.**

**VEDTAK:**

Sande formannskap viser til at kommunane har plikt til innan 30.06.2017 å utarbeide forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt lagt til rette for heildøgntenester, inkludert kriterier for tildeling og venteliste.

Sande formannskap vedtek at ein i høyringa skal nytte framlegg til forskrift som er utarbeidd av arbeidsgruppe nedsett av Samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd.

Framlegg til forskrift skal kunngjerast offentleg, i tillegg til at Helse- og oppvekstutvalet, Eldrerådet og Råd for likestilling for funksjonshemma skal ha forskrifta til uttale.

Høyringsfristen vert satt til den 05.05.2017.

PS 32/17

**SANDE KOMMUNE - KOMMUNEREFORM, KOMMUNALT VEDTAK ETTER FOLKERØYSTING OM INTENSJONSAVTALE MELLOM HERØY OG SANDE**

**Handsaming i Formannskapet :**

**Forslag frå Jon Garen, Ap: Pkt. 2 vert stroke frå tilrådinga.**

**Forslaget frå Jon Garen fekk 2 røyster, og fall.  
Tilrådinga fekk 5 røyster, og vart tilrådd.**

**TILRÅDING:**

1. Sande kommunestyre viser til resultat av gjennomført folkerøysting i høve intensjonsavtalen mellom Herøy og Sande og seier nei til samanslåing med berre Herøy basert på intensjonsavtalen dat. 8.12.2016.
2. Sande kommune sitt vedtak i kommunestyresak 60/16 pkt 1 om å gå inn for ei storkommune på Ytre Søre Sunnmøre i lag med Vanylven, Herøy, Ulstein og Hareid står ved lag.

Til å skrive under møteboka saman med ordførar vart Jon Garen og Anne-Marte S. Beitveit valde.

Møtet slutt kl 15.20

Jon Garen

Dag Vaagen

Anne-Marte S. Beitveit

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 5. april 2017



Tove Cathrine Kvamme

Politisk sekretær